

# Årsmelding 2012

## Styret

Etter årsmøtet 25. jan. 2012 er Lene Meum styreleiar, Vegard Hedenstad kasserar og Nils Seland sekretær. Styret har hatt fem møter.

## Faste øvingar

Det har vore vanlege øvingar i laget kvar onsdag - vekselvis på Hebekk skole på Ski og Heer skole, Drøbak. I tillegg har me hatt nokre dagsøvingar i forbindelse med dansespel i BLS. Øvingane er organisert som vaksenopplæringstiltak med stønad via Akershus musikkråd. Tiltaket er registrert som kurs med lærar, og stønaden er for tida 100 kr. pr. time.

## Instruktør

Elise Tegnér har vore hovedinstruktør, mens Tonje Lien Barkenæs har tatt noen kveldar.

## Tilskot

Laget har søkt om tilskot frå den statlege ordninga med MVA-kompensasjon. Beløpet er ennå ikkje klart for 2012.

## Kurs

Fleire frå laget deltok på SAFFA-kurset på Sørmarka januar 2012.

## Medlemskap

Laget er medlem i SAFFA, FolkOrg og i Ski musikkråd. Nils Seland representerer laget som styreleiar i SAFFA .

## Samarbeid med andre lag

Laget har eit tett og positivt samarbeid med Nitelva Spellemannslag, Folkedanslaget Springar`n,

Leikarringen Peer Gynt og Nesodden Gammaldansforening.

## Notepermen

Permen er gjennomgått, og ein del av slåttane er ”sett passiv”.

## Oppdrag, festivaldeltaking og konsertar

Ialt 13 aktive spelmenn deltok på festival i Laggenbäck i Tyskland saman med Leikarringen Peer Gynt i juli/august.

På Nordsjøfestivalen i Farsund i månadskiftet august-sep. var det med 10 frå Nitelva og De frilynde. I tillegg hadde me besøk av 14 folkemusikarar frå Oxford Fiddle Group.

På Grebbestadfestivalen i september deltok 9 frå laget.

Laget stilte på Gamle Hvamsdagen i august og på dugnadsspel til dans på Riksscenen 22. sep.

Laget sto for all musikk - også den liturgiske under folkemusikk- og folkedansgudsteneste i Ås arbeidskirke. Dette var eit samarbeid med Folkedanslaget Springar`n.

## Plata

Over to helgeopphald på Folkemusikksenteret i Sigdal i 2011 og 2012 har laget spela inn stoff til ei plata. Plata fekk navnet ”30+” og var ferdig i oktober. Plata er lagt ut for salg i kommisjon ved Norilds musikk, Ørskog på Sunnmøre.

## Uniform

Laget har kjøpt nye poloskjorter i rødt og grønt.

